# Nabovarsel for privatpersonar

Dette er ei rask forklaring på stega du må igjennom
når du nabovarslar for å byggje eller rive.




**1. Bestill naboliste frå kommunen**
Alle på denne lista må varslast. Står kommunen oppført på lista? Då må dei også varslast. Skal du rive noko? Då må du i tillegg varsle alle kreditorar og andre som har pant i eigedomen.




**2. Fyll ut nabovarselet og samle alle vedlegga**
Samle teikningane og annan dokumentasjon som naboane skal få. Lag kopiar av dette settet, så du har eitt til kvar nabo, og eitt ekstra som leggjast ved byggjesøknaden.




**3. Del ut nabovarsel**
Del ut nabovarsel til kvar nabo på nabolista. Er det fleire eigarar/festarar av ein eigedom? Då må alle få eige varsel. Du kan kombinere leveringsmåtane A, B, C og D:



**A. Personleg overlevering**
Leverer du nabovarselet på døra, kan naboen signere med ein gong på at dei har motteke varselet. Om naboen ikkje har innvendingar, kan dei samstundes signere på at dei samtykker til byggjeplanane.



**B. Sende på e-post eller sms**
Varselet er berre gyldig om mottakar stadfestar at varselet er motteke. Automatisk svar held ikkje.



**C. Sende rekommandert**
Hugs å få Posten til å kvittere for kven du har varsla. Svarfristen byrjar å gå frå datoen på kvitteringa. Naboen treng ikkje svare.




**D. Sende digitalt via Altinn** Svarfristen byrjar å gå frå datoen du sender varselet. Naboen treng ikkje svare. Sjå kva slags søknadsløysingar som tilbyr digitalt nabovarsel her.



**4. Vent 14 dagar**
Du må vente i 14 dagar før du sender byggjesøknaden til kommunen. Dette er fordi naboane skal ha tid til å setje seg inn i byggjeplanane dine, og kunne kome med merknader. Du slepp å vente om alle naboane stadfestar at dei samtykker til byggjeplanane.



**5 A. Ingen merknader frå naboar?**
Då kan du sende inn søknaden! Legg ved kvitteringane som viser at alle naboane har blitt varsla og ein kopi av nabovarselet med alle vedlegg.



**5 B. Har nokon av dei gjeve merknader?**
Vurder ut frå merknadene om du bør:
- Endre byggjeprosjektet og varsle alle naboane på nytt
- Sende inn byggjesøknaden som han er, med alle merknader og dine kommentarar til kvar enkelt merknad.

# Nabovarsel

Naboar som blir varsla skal behalde eit eksemplar av denne.
Eit eksemplar sendast også til kommunen saman med byggjesøknaden

**Eg har planar om å:**

- [x] Byggje tilbygg
- [ ] Rive tilbygg
- [ ] Bruksendring
- [ ] Byggje frittliggjande bygning
- [ ] Rive frittliggjande bygning
- [ ] Anna (berre etter avtale med kommunen)

Skildring av kva som eg skal gjere:
Isolert hagestove

**Eigedomen eg skal gjere noko på:**

| | |
|---|---|
| Adresse: Øvre Soltveit 11 | Gardsnr: 414 Bruksnr: 157 |
| Postnr/stad: 5939 Sletta | Festenr: Seksjonsnr: |
| Kommune: Alver | |

**Plan(ar) som gjeld for eigedomen:**

- [x] Kommuneplanen
- [ ] Reguleringsplan
- [ ] Andre plan(ar)

Namn/nummer på planen(ane): Kommuneplan for Radøy 2011-2023

- [x] Eg treng ikkje dispensasjon eller andre løyve
- [ ] Eg treng dispensasjon eller andre løyve frå følgjande reglar/vilkår:

**Eg har lagt ved:**

- [x] Snitt-teikning før og etter
- [x] Fasadeteikningar før og etter
- [x] Situasjonskart som viser kvar eg skal byggje/rive

Andre vedlegg (t.d. søknad om dispensasjon):

**Som nabo har du rett til å kome med merknader innan 14 dager**

Om du ikkje har merknader er det til stor hjelp om du gir meg beskjed, så slepp eg å vente 14 dager.

Du kan kontakte meg på adressa under om du har spørsmål, merknader eller samtykker til byggeplanene

| | |
|---|---|
| Namn: Monika Soltveit Gabriellielli | E-post: monika.soltveit.gabrielli@gmail.com |
| Adresse: Øvre Soltveit 11 | Postnr/stad: 5939 |

**Helsing**

Dato: Underskrift: